

# Møteprotokoll

## Kommunestyret



Møtedato: 13.02.2014 Tid: 14:00 – 21:30  
Møtestad: Kommunestyresalen  
Møte leiar: Liv Kari Eskeland

### Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Harry Herstad	Medlem	AP
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	AP
Henny Førland Berger	Medlem	AP
Andreas Larsen	Medlem	AP
Tordis Nysæter	Medlem	AP
Leif Ottar Heimro	Medlem	AP
Jan Terje Alsaker	Medlem	AP
Wilhelm Engelsen	Medlem	AP
Fredrik Litleskare	Medlem	D
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Margareth Ottesen Mjønes	Medlem	FRP
Bjørnar Helgesen	Medlem	FRP
Nils Gunnar Waage	Medlem	FRP
Liv Kari Eskeland	Leiar	H
Helge Einar Vie	Medlem	H
Dag Vidar Vatne Nordhus	Medlem	H
Per Ove Sercan Husevik	Medlem	H
Jan Arild Nesse ugild i PS 5/14	Medlem	H
Kristoffer Valland	Medlem	H
Nina Østensjø Borrevik	Medlem	H
Martin Tveita	Medlem	H
Leif-Steinar Alfsvåg	Nestleiar	KRF
Oskar Emil Langeland	Medlem	KRF
Jan Reinemo	Medlem	KRF
Åshild Rygg Tønning i GK 1/14, PS 1- og 5/14	Medlem	SP
Silje Vatna ikkje GK 1/14, PS 1- og 5/14	Medlem	SP
Nils Magne Blålid	Medlem	SV
Signe Ekeland	Medlem	SV
Håkon Frode Særsten	Medlem	V

### Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Stig Louis Myklevold	Johan Inge Særsten	FRP
Svein Kolbein Halleraker	Lars Åge Myhre	H
Jens Litlabø i GK 1/14, PS 1- og 5/14	Silje Vatna	SP
Jens Litlabø i resten av sakene	Åshild R. Tønning	SP
Oddvard Rommetveit	Jakob Bjelland	SP
Jorunn Kristine Fylkesnes	Geir Angeltveit	V
Nils Audun Gerhardsen i PS 5/14	Jan Arild Nesse	H

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Magnus Mjør	Rådmann
Mariann J. Hilt	Kommunalsjef
Hege Etterlid	Økonomisjef
Bjørnar Løkstad	Einingsleiar Stord Fitjar Landbruks- og miljøkontor

Andre:

Roy Sverre Amundsen	Styreleiar i Stord vatn og avlaup KF i PS 3/14
Sivert Haaland	Dagleg leiar i Stord vatn og avlaup KF i PS 3/14
Arne Bjelland	Dagleg leiar i Stord kommunale eigedom KF i PS 2- og 5/14
Rune Hansen	Fagsjef Stord kommunale eigedom KF i PS 2- og 5/14

Stord, 13.02.2014

Marit Annie Åkra  
møtesekretær

## SAKER TIL HANDSAMING

GK 1/14 Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll frå 19.12.2013

### **Politiske saker**

PS 1/14 Søknad om utviding av bompengerperioden for E39 Halhjem-Sandvikvåg, Stord vestsida. Kommunal handsaming

PS 2/14 Evaluering av Stord kommunale eigedom KF

PS 3/14 Evaluering av selskapsform og tenesteinnhald - SVA KF 2013

PS 4/14 Evaluering av Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor

PS 5/14 Ådland studentheim, vurdering av innkommne bud

PS 6/14 Investeringar Langeland og Hystad skule 2014

PS 7/14 Revidering - Reglement for delegasjon av avgjerdsmynde frå Kommunestyret til andre folkevalde organ

PS 8/14 Fastsetting av planprogram Rullering av kommunedelplan for avlaup og vassforsyning 2015-2026

PS 9/14 Innsparingskrav 4 mill

PS 10/14 Endring av reglement for godtgjersle til folkevalde-pensjon

PS 11/14 Nytt medlem i Komité for næring, miljø og kultur

PS 12/14 Sakkunnig takstnemnd - nytt varamedlem

### **Referatsaker**

RS 1/14 Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet i Stord kommune 09.12.13

RS 2/14 Budsjettbrev 2014, Fylkesmannen si godkjenning av budsjettet

RS 3/14 Styreprotokoll frå Stord kommunale eigedom KF 11.12.13

RS 4/14 Styreprotokoll Stord kommunale eigedom KF 28.01.2014

RS 5/14 Styreprotokoll frå Stord vatn og avlaup KF 21.01.2014

RS 6/14 Møteprotokoll Stord eldreråd 20.01.2014

IS 1/14 Interpellasjon om reservasjonsrett frå Signe Ekeland, SV

RS 7/14 Årsrapport for 2013, skatteoppkrevjar - ettersendt

## **GK 1/14 Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll frå 19.12.2013**

### **Vedtak**

Innkalling, sakliste der PS 5/14 vart handsama som sak nr 2 og møteprotokoll frå 19.12.13 vart samrøystes godkjent

### **Vedtak:**

Kommunestyret vedtok at møteprotokollane frå og med dette møtet vert godkjent elektronisk og ikkje lenger skal underteiknast. Endringa vil verta innarbeida i Politisk reglement og retningslier ved neste revidering.

## **PS 1/14 Søknad om utviding av bompengerperioden for E39 Halhjem-Sandvikvåg, Stord vestside. Kommunal handsaming**

### **Vedtak**

Stord kommunestyre støttar søknad om utviding av bompengerperioden for E39 Halhjem-Sandvikvåg til 1. januar 2017.

### **Handsaming**

**Vedteke med 24 mot 11 røyster** (Frp, D, SV, Wilhelm Engelsen, Henny F. Berger og Harry Herstad alle Ap)

#### Habilitet:

Andreas Larsen, Ap stilte spørsmål om eigen habilitet då han er ass. rådmann i Fitjar kommune og tredje frå under handsaminga av spørsmålet. Vara var ikkje kalla inn

Kommunestyret handsama spørsmålet og fatta følgjande vedtak:

Larsen vart kjent habil med ordførar si dobbeltrøyst (Ap, Frp, Oskar E. Langeland og Jan Reinemo begge Krf og Jens Litlabø, Sp) røysta mot, jf. fvl. § 6 andre ledd.

\*\*\*\*\*

Leif Steinar Alfsvåg, Krf kom med framlegg til vedtak likelydande rådmannen sitt framlegg til innstilling, slik det ligg føre

\*\*\*\*\*

Formannskapet si innstilling:

Stord kommunestyre støttar ikkje søknad om utviding av bompengerperioden for E39 Halhjem-Sandvikvåg til 1. januar 2017.

## **PS 2/14 Evaluering av Stord kommunale eigedom KF**

### **Vedtak**

1. Kommunestyret tek rapporten frå styret i føretaket til vitande. Kommunestyret meiner at rapporten gjev eit godt grunnlag for den vidare evalueringa.
2. Kommunestyret ber om at det som del av den vidare prosessen vert gjort ei ekstern evaluering av føretaksmodellen og legg til grunn at denne kan inngå i kontrollutvalet si vurdering av føretaka, jf.

- gjeldande plan for forvaltningsrevisjon. Driftsstyret får fullmakt til å gjera eventuelle tilleggsbestillingar til Kontrollutvalet si utgreiing og til å forestå den vidare prosessen.
3. Kommunestyret har som målsetting at ev. organisatorisk endringar kan tre i kraft frå 01.01.2015

### Handsaming

Samrøystes vedteke

\*\*\*\*\*

H/Krf/V og SP kom med framlegg til vedtak slik det ligg føre.

\*\*\*\*\*

SV kom med følgjande framlegg:

Nytt pkt 1

Kommunestyret ber styret i KF eigedom utgreie sak der KF eigedom går til basisorganisasjonen som eiga eining.

Framlegget fekk 11 røyster (SV og Ap utan Wilhelm Engelsen)

Styret i Stord kommunale eigedom AS si innstilling som fall:

1. Kommunestyret ber styret i Stord kommunale eigedom KF utgreie konsekvensane og føresetnaden for overgangen frå føretak til aksjeselskap.
2. Saka skal fremjast for politisk handsaming i samsvar med samhandlingsreglane til føretaket, og leggast fram for kommunestyret i løpet av første halvår 2014.
3. Kommunestyret føreset at den vidare prosessen vert organisert og gjennomført med aktiv medverknad frå arbeidstakarorganisasjonane.

### PS 3/14 Evaluering av selskapsform og tenesteinnhald - SVA KF 2013

#### Vedtak

1. Kommunestyret tek rapporten frå styret i føretaket til vitande. Kommunestyret meiner at rapporten gjev eit godt grunnlag for den vidare evalueringa.
2. Kommunestyret ber om at det som del av den vidare prosessen vert gjort ei ekstern evaluering av føretaksmodellen og legg til grunn at denne kan inngå i kontrollutvalet si vurdering av føretaka, jf. gjeldande plan for forvaltningsrevisjon. Driftsstyret får fullmakt til å gjera eventuelle tilleggsbestillingar til Kontrollutvalet si utgreiing og til å forestå den vidare prosessen.
3. Kommunestyret har som målsetting at ev. organisatorisk endringar kan tre i kraft frå 01.01.2015
4. Kommunestyret vedtek at avdeling for veg, trafikk og parkering skal overførast til basisorganisasjonen frå 1. januar 2015. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra endringa
5. Rådmannen får i oppdrag å fremja ei sak som vurderer Sva KF si rolle overfor SIM IKS. Utgreiinga skal gjerast i samråd med Sva KF og SIM IKS. Saka vert å leggja fram for kommunestyret innan første halvår 2014.
6. Hovudplanen for avlaup, som er under revisjon, skal leggja premissane for korleis slamtenesta skal organiserast og forvaltast i stord kommune i framtida (som innstilling)

### Handsaming

Pkt 1-3 og 5 og 6 Samrøystes vedteke

Pkt 4 Vedteke med 22 mot 13 røyster (Ap, D, Margareth Mjønes Frp og Nils Magne Blålid, SV)

\*\*\*\*\*

H/Krf/V og SP kom med framlegg til vedtak slik det ligg føre.

\*\*\*\*\*

SV kom med følgjande framlegg:

Nytt pkt. 1:

Kommunestyret ber styret i KF eigedom utgreie sak der KF eigedom går til basisorganisasjonen som eiga eining.

Framlegget fekk 11 røyster (SV og Ap utan Wilhelm Engelsen)

Styret i Stord vatn og avlaup KF si innstilling vart ikkje røysta over:

Kommunestyret vedtek:

#### **VTP – Veg, Trafikk og Parkering**

1. Styret tilrår at VTP ikkje vert organisert som ein integrert del av Stord vatn og avlaup KF i framtida.
2. Styret tilrår at denne organisatoriske endringa vert gjennomført frå 01.07.2014.

#### **Sjølffinansierte tenester for vatn og avløp**

1. Kommunestyret ber styret i Stord vatn og avlaup KF utgreie konsekvensane og føresetnaden for overgangen frå føretak til aksjeselskap.
2. Saka skal fremjast for politisk handsaming i samsvar med samhandlingsreglane til føretaket, og leggast fram for kommunestyret i løpet av første halvår 2014.
3. Kommunestyret føreset at den vidare prosessen vert organisert og gjennomført med aktiv medverknad frå arbeidstakarorganisasjonane.

#### **Sjølffinansierte tenester for renovasjon og slam.**

1. Styret tilrår at rådmannen saman med leiinga i SVA KF og leiinga i SIM IKS fremjar ei sak som gjer greie for kva forvaltnings – og tilsynsrolle SVA skal utøva på vegne av Stord kommune når det gjeld SIM IKS.

Saka skal leggast fram for kommunestyret i løpet av første halvår 2014.

2. Hovudplan for avløp, som er under revisjon, skal leggja premissane for korleis slamtenesta skal organiserast og forvaltast i Stord kommune i framtida.

#### **PS 4/14 Evaluering av Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor**

##### **Vedtak**

[Kommunestyret tek evalueringsrapporten til etterretning.](#)

##### **Handsaming**

Samrøystes vedteke (34 røyster)

Habilitet:

Andreas Larsen, Ap stilte spørsmål om eigen habilitet då han er ass. rådmann i Fitjar kommune som er vertskommune og tredje frå under handsama av spørsmålet. Vara var ikkje kalla inn.

Kommunestyret handsama spørsmålet og fatta følgjande vedtak:

Andreas Larsen vart samrøystes kjent inhabil, jf. Fvl. § 6 bokstav a.

## **PS 5/14 Ådland studentheim, vurdering av inntomme bud**

### **Vedtak**

1. Kommunestyret vedtek å forkasta inntomme tilbød, og gjev Stord kommunale eigedom KF fullmakt til å gjennomføre eit eventuelt sal til min 10.00.000.
2. Stord kommune gjev ikkje seljarkreditt.

### **Handsaming**

**Vedteke med 19 mot 16 røyster** (Frp, Ap og D) Mindretalet røysta for Frp og Ap sitt framlegg

#### Habilitet:

Svein Halleraker, H stilte spørsmål om eigen habilitet då han er deleigar og jobbar i Link signatur AS som har hatt oppdrag av Stord kommunale eigedom KF i samband med kjøpet. Link signatur AS har ikkje motteke regresskrav. Halleraker tredje frå under handsaminga av saka. Vara var ikkje kalla inn.

Liv Kari Eskeland, H stilte spørsmål om eigen habilitet då ho er sambuar med Svein Halleraker. Grunngevinga er den same som for Halleraker. Ho tredje frå under handsaminga av spørsmålet. Vara var ikkje kalla inn.

Jan Arild Nesse, H stilte spørsmål om eigen habilitet då sonen er eigedomsmegler i DNB Eieendom som sel eigedomen og tredje frå under handsaminga av spørsmålet. Vara var kalla inn og tok plass under handsaminga av spørsmålet.

Kommunestyret handsama spørsmåla og fatta følgjande vedtak:

Svein Halleraker vart kjent habil med 31 mot 2 røyster (Amram Hadida og Katrin Ankervold begge Ap), jf. Fvl. § 6 andre ledd

Liv Kari Eskeland vart kjent habil med 31 mot 2 røyster (Amram Hadida og Katrin Ankervold begge Ap), jf. Fvl. § 6 andre ledd

Jan Arild Nesse vart samrøystes kjent inhabil, jf. Fvl. § 6 andre ledd.

\*\*\*\*\*

H/Krf/V og SP kom med framlegg til vedtak slik det ligg føre.

\*\*\*\*\*

Signe Ekeland, SV kom med følgjande framlegg:

Kommunestyret vedtek å forkasta inntomme tilbød, og gjev Stord kommunale eigedom KF i oppgåve til å vidareføre ein salsprosess som sikrar føreseielege vilkår for tilbydarar, og med sikte på å få til ein betre pris. Kommunestyret skal ta endelig avgjerd om sal av eigedomen.

Framlegget fekk 2 røyster (SV)

Frp og Ap kom med følgjande framlegg:

1. Kommunestyret vedtek å gje SKE fullmakt til å selje Ådland studentheim med tilhøyrande eigedom dersom salssum dekker kostnadane.
2. Om sal ikkje vert gjennomført innan juni 2014 får SKE KF i oppdrag å leggja fram ei mogelegheitsanalyse og ei skisse til utbyggingsavtale m aktuelle aktørar for den samla eigedomsmasse knytt til Ådland Studentheim.
3. Samstundes bør det også vurderast om eventuelle fellesareal kan nyttast av / leigast ut i til lag og organisasjonar.

Framlegget fekk 16 røyster (Ap, Frp og D)

Styret i Stord kommunale eigedom KF si innstilling vart ikkje røysta over:

Kommunestyret vedtek å gje Stord kommunale eigedom KF fullmakt til å selja Ådland studentheim med tilhøyrande eigedom til innkome bod på kr 9 000 000,- + omkostningar, med dei atterhald som er omtala i bodet.

### **PS 6/14 Investeringar Langeland og Hystad skule 2014**

#### **Vedtak**

1. Kommunestyret vedtek ei utbygging ved Langeland skule som alternativ 3 i saksutgreiinga.
2. Meirkostnaden for prosjektet på 4,5 mill. kr skal finansierast slik:

Påkostingsfond	2,5 mill. kr
Låneopptak	2,0 mill. kr

Kommunestyret vil gjera endeleg vedtak om låneopptak i samband med budsjettrevisjonen for 1. tertial.
3. Kommunestyret ber rådmannen søkja arbeidstilsynet og dispensasjon frå pålegg ved Hystad skule.

#### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

\*\*\*\*\*

SV kom med følgjande framlegg som vart sett opp mot pkt 3:

Kommunestyret vedtek å gjere dei naudsynte investeringar på Hystad og Langeland skule ved å auke låneopptaka.

Framlegget fekk 2 røyster (SV)

### **PS 7/14 Revidering - Reglement for delegasjon av avgjerdsmynde frå Kommunestyret til andre folkevalde organ**

#### **Vedtak**

Reglement for delegasjon av avgjerdsmynde frå Kommunestyret til andre folkevalde organ og til rådmannen vert vedteke slik det ligg føre.



### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

### **PS 8/14 Fastsetting av planprogram Rullering av kommunedelplan for avlaup og vassforsyning 2015-2026**

#### **Vedtak**

Stord kommunestyre vedtek planprogrammet for rullering av «Kommunedelplan for avlaup og vassmiljø» og «Kommunedelplan for vassforsyning» slik den ligg føre.

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

### **PS 9/14 Innsparingskrav 4 mill**

#### **Vedtak**

Kommunestyret vedtek effektivisering og innsparingar på kr 4,0 mill. i samsvar med saksutgreiinga.

### **Handsaming**

Vedteke med 23 mot 12 røyster (SV og Ap)

### **PS 10/14 Endring av reglement for godtgjersle til folkevalde-pensjon**

#### **Vedtak**

Kommunestyret vedtek å gå for fellesordninga.

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

### **PS 11/14 Nytt medlem i Komité for næring, miljø og kultur**

#### **Vedtak**

Nytt medlem i Komité for næring, miljø og kultur vert: Marte Wirum

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

### **PS 12/14 Sakkunnig takstnemnd - nytt varamedlem**

#### **Vedtak**

Sakkunnig takstnemnd, ny personleg vara for Åsa Rygg vert: Anita Monsrud Magnussen

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

**RS 1/14 Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet i Stord kommune 09.12.13**

[Teke til orientering](#)

**RS 2/14 Budsjettbrev 2014, Fylkesmannen si godkjenning av budsjettet**

[Teke til orientering](#)

Referatsaka mangla dokument som vart ettersendt

**RS 3/14 Styreprotokoll frå Stord kommunale eigedom KF 11.12.13**

[Teke til orientering](#)

**RS 4/14 Styreprotokoll Stord kommunale eigedom KF 28.01.2014**

[Teke til orientering](#)

**RS 5/14 Styreprotokoll frå Stord vatn og avlaup KF 21.01.2014**

[Teke til orientering](#)

**RS 6/14 Møteprotokoll Stord eldreråd 20.01.2014**

[Teke til orientering](#)

**RS 7/14 Årsrapport for 2013, skatteoppkrevjar**

[Teke til orientering](#)

**IS 1/14 Interpellasjon om reservasjonsrett frå Signe Ekeland, SV**

Spørsmål:

Regjeringa sender no ut høyringsnotat til kommunane der dei opnar for at den einskilde kommune sjølv kan avgjere om den vil inngå avtaler om reservasjonsrett med fastleger som er motstandar av abort. Kommunane skal etter dei foreslegne endringar ha høve til å inngå slike avtaler, men inga plikt. Og det er opp til kommunen sjølv å ta avgjerd om reservasjonsavtalar kan gjerast utan at det vil føre til «urimeleg ulempe» for den aktuelle kvinna.

Abortlova gir allereie reservasjonsrett for sjukehuspersonell frå å utføre eller delta i abortinngrep. Denne reservasjonsretten er rett å ha. Forslaget om at fastlegar skal kunne reservere seg frå å *tilvise* til abort, går etter mitt skjønn utover det som ligg i abortlova. Med tilvising til abort meiner ein «alle handlingar

som inngår i prosessen frå å motta en kvinne sitt spørsmål eller begjæring om abort». Det er eit ope spørsmål kva ein i realiteten vil oppnå med endringa. Sidan pasienten sine rettar er lovfesta, er både kommunen og den einskilde fastlege plikta til å syte for at ingen skal få eit dårligare tilbod av at fastlegar reserverar seg frå einskilde deler av det offentlege helsetilbodet. Dette betyr mellom anna at ein lege som sjølv ikkje vil tilvise til abort, *må tilvise til ein annan lege som kan tilvise*. Eg har vanskelig for å sjå kva reserverande lege vil kunne oppnå anna enn ein politisk demonstrasjon.

Det er viktig at legen sin samvitsfridom vert vurdert opp mot retten til lovbestemte helsetenestar. Men dette er allereie godt ivareteke i abortlova. Ordninga me har i dag slår fast at fastlegen skal informere om gjeldande helsetilbod, og saman med pasienten underteikne ei «begjæring om svangerskapsavbrot». Det betyr ikkje at legen skal tilrå abort.

Samstundes er det viktig å slå fast at ei slik ordning utan tvil vil virke stigmatiserande på ein del kvinner som allereie er i ein vanskelig situasjon. I tillegg vil innføring av reservasjonsrett i kommunane gje skilnader i helsetilbodet til kvinner i dei ulike kommunane. Regjeringa vedgår også at ordninga vil føra til meirkostnader for kommunane. Eg meiner derfor det er gode grunnar til at Stord kommune må seia nei til å opna for ein slik reservasjonsrett.

Spørsmål til ordføraren

Er ordføraren samd i at Stord kommune bør seia nei til reservasjonsrett for fastlegar?

Kva vil ordføraren gjera for å sikra at gravide kvinner på Stord ikkje kjem i ein sårbar situasjon i samband med legekonsultasjonar om abort?

Forslag til vedtak

Kommunestyret på Stord meiner at dei føreslegne endringane i abortlova kan medføre eit dårligare offentleg helsetilbod, og setje gravide kvinner i ein sårbar situasjon. Kommunestyret meiner at omsynet til den einskilde lege sin etiske overtyding er tilstrekkeleg ivareteke gjennom abortlova, og vil ikkje opne for reservasjonsrett mot tilvising til abort i Stord kommune. Kommunestyret ber ordføraren syte for at Stord kommune sin høyringsuttale er i samsvar med innhaldet i dette vedtaket.

Ordførar svara:

Stord kommune har teke i mot høyringsbrev frå Helse- og omsorgsdepartementet om forslag til endringar i helse- og omsorgstenesteloven og pasient- og brukerrettighetsloven. Det er og forslag til endringar i fastlegeforskriften og i forskrift om pasient- og brukerrettigheter i fastlegeordningen. Høyringsfristen er sett til 20. april.

I store trekk går endringsforslaga på å gje fastlegen heimel til å reservere seg mot henvising og behandling ved alvorlige samvittighetskonfliktar knytt til liv og død. Med alvorlige samvittighetskonfliktar knytt til liv og død meiner ein først og fremst abort. Heimelen vil og gjelde reservasjon mot aktiv dødshjelp dersom dette blir tillate. Forslaget handlar og om krav til legen som ønskjer å reservere seg.

Endringsforslaga har skapt stor debatt og Ordføraren ønskjer at saka og skal handsamast grundig i Stord kommune. Saka ligg no hos rådmannen som saman med sine fagfolk skal lage eit forslag til uttale. Uttalen vert å handsame i ansvarleg fagkomité, som i dette høve er komité for rehabilitering, helse og omsorg.

Ordførar legg difor ikkje opp til å gjera vedtak basert på denne interpellasjonen, ettersom saka no er i prosess.